

## **SAK 27/16 TISA- AVTALA**

### **Saksopplysning**

Ordfører Solveig Vestenfor har stilt spørsmål om Regionrådet for Hallingdal bør ha nokon meining om Tisa-avtale.

Tisa (Trade in Services Agreement) er ei fleirstatleg avtale om handel med tenester som no blir forhandla mellom 50 WTO-medlemmer. Forhandlingane har sin bakgrunn i manglande framdrift i forhandlingane i Verdens handelsorganisasjon (WTO) og av at ministrane i 2011 ba WTO-medlemmane vurdere alternative måtar å oppfylle Doha-mandatet på. Målet er at Tisa skal få så brei tilslutning at avtale kan bli ein del av det multilaterale WTO-rammeverket. Av denne grunn er Tisa basert på WTO si avtale om handel med tenester, Gats.

Regjeringa sitt stoff om Tisa kan hentast [her](#).

Forhandlingane om ei ny Tisa-avtale har pågått sidan 2013. 6. mai 2016 var fristen for å legge fram reviderte tilbod. Der også Norge har lagt fram [revidert tilbod](#)

Det er også etablert interessegrupper mot Tisa, som:

- [Handelskampanjen](#)
- [Folkeaksjonen mot TISA](#)

Enkelte hevdar at TISA-avtale er udemokratisk og at avtale byggjer ned nasjonale reguleringar og opnar for store private selskap. Og det blir sagt at TISA omfattar alt av tenester, som utgjer 70 % av verdensøkonomien.

Enkelte kommunar arbeidar for å gjera kommunane TISA-fri medan andre ber om meir informasjon og openheit.

### **Vurdering**

Det må seiast med ein gong at dagleg leiar ikkje har naudsynt kompetanse til å vurdere effektane av ei Tisa-avtale. Det synest som om mykje av diskusjonane går etter politiske skiljelinjer, m.a. i forhold til internasjonale handelsavtalar.

Det er og uro frå enkelte hald at ei TISA-avtale kan svekke det politiske handlingsrommet knytt til kontroll og styring med offentlege tenester og velferdstilbod. Og privatisering, deregulering eller konkurranseutsetting av offentlege tenester på nasjonalt eller lokalt nivå. Dagleg leiar ser seg ikkje i stand til å koma med gode balanserte vurderingar i denne saka.

Ål 20.5.2016

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar